



MØTEBOK

Organ	Kontrollutvalet
Møtestad	Leikanger, Fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	27.02.2018
Kl.	10:00 – 16:30

Faste medlemmer til stades:

Frank Willy Djuvik, Odd Atle Stegegjerdet, Klaus Iversen ,
Lise-May Sæle

Forfall til møtet:

Karoline Bjerkeset, Frode Bøthun

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Fylkeskommunen: Ass. fylkesrådmann Paal Fosdal (sak 01/18), arkivleiar Bodil Nornes (sak 01/18)

Deloitte: Frode Løvlie (sak 1/18, 2/18 , 3/18, 4/18, 5/18 og 6/18)

SF revisjon: Marianne Vara t.o.m. deler av sak 2/18, til kl. 12.15

Sekretariat for møtet:

Kontrollsjef Hordaland fylkeskommune, Hogne Haktorson,
og seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune, Roald Breistein

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Ope møte

SAK 1/18 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon arkiv og offentlegheit

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit for det meste er ferdig, men at det framleis står att litt arbeid før alt er på plass.
2. Utvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 13.05.2018.

Handsaming i møtet:

Assisterande fylkesrådmann, Paal Fosdal, og arkivleiar, Bodil Nornes, presenterte den nettbaserte arkivplanen på skjerm og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram at fylkesarkivet har vore rådgjevar i prosessen med ny arkivplan. Punkt 2b, ix, er ikkje å sjå på som ei utsetjing til 2020, men meir ei påminning om at ein også må hugse på dette i samband med samanslåinga med Hordaland fylkeskommune.

Det vart også problematisert korleis rutinane er når det gjeld saker den einskilde politikar har motteke på sin e-post i høve om det kan vera arkivverdig. Ifølgje Deloitte kan ikkje Riksarkivet svare klart på kva reglar som skal gjelde i slike tilfelle.

Endringsframlegg:

Ut frå det som kom fram i orienteringa er kontrollutvalet nøgd med oppfølginga på alle punkt med unntak av punkt 2b, ix. Når det gjeld dette punktet meiner utvalet framleis at det er føremålstenleg at det vert laga ein mal for korleis eit møte kan lukkast.

Avrøysting:

På bakgrunn av dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit for det meste er ferdig, men at det framleis står att litt arbeid før alt er på plass.
2. Utvalet ber om at prosedyre for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege i tråd med vedtak punkt 2b, ix i form av skriftleg tilbakemelding innan 13.05.2018.

SAK 2/18 Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 27. februar 2018.

Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama i møtet:

1. Status finansiell revisjon – SF revisjon

Marianne Vara orienterer om status for finansiell revisjon. Det vart levert ut eit oversyn over kor langt dei er komen i revisjonsarbeidet pr. i dag.

Årsrekneskapen skal etter planen handsamast i møte i kontrollutvalet 22.05.2018, med møtestart kl. 12.00. Revisorbrev kjem normalt etter sumarferien, men i år skal denne leggjast fram til handsaming i møtet i mai. Kontrollutvalet meiner også at fylkesrådmannen bør kome i møte i utvalet for å presentere rekneskapen. I samband med presentasjonen bør utvalet utfordre fylkesrådmannen på korleis dei gjennomfører si risikovurdering, spesielt i høve rekneskap og økonomi framover.

Avrøysting:

På bakgrunn av dette vert det gjort slikt vedtak.

Vedtak:

1. Fylkesrådmannen vert beden om å komme i møte i kontrollutvalet 22.05.2018 for å presenterer årsrekneskapen for 2017 for kontrollutvalet.
 2. Revisor vert beden om å levere revisjonsbrev for 2017 til sekretariatet seinast innan 07.05.2018.
 3. Orienteringa vart elles teken til orientering.
-
2. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte
 - a. FR Musea i Sogn og Fjordane
Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan musea og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.
Revisjonsrapport er levert sekretariatet i dag og skal handsamast i kontrollutvalet i møte 03.04.18.

 - b. FR Utdannings- og yrkesrådgiving i vgs
Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan utdannings- og yrkesrådgiving i vgs og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Arbeidet er ikkje heilt i rute ved at fokusgruppeintervju er vorte forseinka. Det er risiko for at revisjonsrapport ikkje rekk å vera ferdig til fristen 23.05.18.

Kontrollutvalet tok informasjonen frå Deloitte til orientering.

3. Godtgjersle folkevalde

Odd Atle Stegegjerdet (Ap) tok opp spørsmålet om leiar i kontrollutvalet bør godtgjerast for det meirarbeidet han fekk i samband med at kontrollsjefen vart langtidssjukemeld.

Som nestleiar i utvalet tok Stegegjerdet over møteleiinga i denne saka og Djuvik fråtredde møtet.

På førespurnad anslår leiar i kontrollutvalet at det kan dreie seg om ca. 120 timar ekstra arbeid i samband med at kontrollsjefen vart sjukemeld. Kontrollutvalet gav uttrykk for at dei set pris på at han påtok seg dette ansvaret og ekstra arbeidet.

På bakgrunn av dette vart kontrollutvalet samd om å ta opp med fylkesordførar om at han bør få ekstraordinær godtgjersle for dette arbeidet.

Avrøysting:

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om at fylkesordførar vurderer om leiar i kontrollutvalet, Frank Willy Djuvik, bør få ekstraordinær godtgjersle for arbeidet han har hatt i samband med at kontrollsjefen vart langtidssjukemeld.

4. Status oppfølging av NDLA - KU Hordaland fk
Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

5. Medlemsinfo frå FKT
Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

6. Orientering frå leiar

a. Avtale om midlertidig sekretariatsordning

Frank Willy orienterte om midlertidig avtale for sekretariatsordning som er inngått mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune. Avtalen gjeld for perioden 15.01.2018 – 30.04.2018 med moglegheit for å forlenge avtalen for ein kortare periode dersom ein ikkje har fått på plass ei permanent løysing innan den tid.

b. Oppfølging av folkevaldopplæring i Molde

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane ønskjer å delta på ny felles samling for dei fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet, i Rogaland, på slutten av hausten 2018.

c. Ekstra bestilling i høve forvaltningsrevisjon innkjøp.

i. Ketil Kvammen har fått bestilling på å svare på tre juridiske spørsmål, frist midten av mars.

ii. Sekretariatet blir beden om å lage samanstilling av svar frå kommunane når det rammeavtale om helsevikarar. Frist for svar frå kommunane er sett til 15.3.18

iii. Eventuell høyring – Det vart semje om å heller kalle inn fylkesrådmann, økonomidirektør og innkjøpssjef kvar for seg i møte, i motsett rekkefølge, for å svare på spørsmål

iv. Forvaltningsrevisjonen vert lagt fram til handsaming i neste møte for vidaresending til fylkestinget

d. Sekretariatsordning for den nye fylkeskommunen

Det kom m.a. fram at leiar i kontrollutvalet ikkje er vorte samd med leiar i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune om korleis saka skal utformast. Det går m.a. på lokalisering av sekretariatet som Hordaland meiner bør vera med i saka. Han meiner at saka må drøftast med fylkesordførar og eventuelt leggast fram for fylkesutvalet til vurdering.

Kontrollutvalet tok informasjonen frå leiar i utvalet til orientering.

7. VS Agder Bomdrift AS

Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

8. Invitasjon til FKT-konferanse 29. – 30.05.18

Dei som ønskjer å delta på FKT-konferansen kan melde frå til sekretariatet.

9. Møte med fylkesmannen om samråding av tilsyn

Det er kome invitasjon til møte med fylkesmannen om samråding av tilsyn til 9.3.18 kl. 10.00 – 13.00 – siste time lunsj. Leiar i kontrollutvalet og sekretariatet vert samde om kven som skal møte på vegne av kontrollutvalet i Sogn og Fjordane.

SAK 3/18 Forvaltningsrevisjon innan reiseliv i Sogn og Fjordane fylkeskommune - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan reiseliv frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 14.03.2018.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Sogn og Fjordane fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Det er ønskjeleg at Deloitte kjem med forslag til prioritering av forslag til tiltak som går fram av revisjonsrapporten.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 3. september 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Handsaming i møtet:

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan reiseliv og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Endringsframlegg:

Det kom ikkje fram forslag til endringar i prosjektplanen. Det betyr at siste del av punkt 1 og heile punkt 2 går ut. Punkt 3 – 6 vert endra til 2 – 5.

Avrøysting:

Med desse endringane vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan reiseliv frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Sogn og Fjordane fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
4. Det er ønskjeleg at Deloitte kjem med forslag til prioritering av forslag til tiltak som går fram av revisjonsrapporten.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 3. september 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

SAK 4/18 Rullering av plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller felles rullering av dei vedtekne planane for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune frå

- Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 14.03.2018.
 3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
 4. Kontrollutvalet ønskjer at rulleringa, inkludert forslag til oppdatert plan for forvaltningsrevisjon, er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018.

Handsaming i møtet:

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte forslag til prosjektplan for rullering av plan for forvaltningsrevisjon og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Prosessmøte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal haldast 22.05.18. Deretter prøver ein få til felles møte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 4.6.2018. Det vert også lagt opp at det i dette felles møtet skal diskuteras andre saker i høve samanslåinga av dei to fylkeskommunane.

Endringsframlegg:

Det kom ikkje fram forslag til endringar i prosjektplanen. Det betyr at siste del av punkt 1 og heile punkt 2 går ut. Punkt 2 – 4 vert endra til 2 – 3. Vidare kjem nytt punkt 4 og 5 som gjeld prosessmøter inn.

Avrøysting:

Med desse endringane vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet bestiller felles rullering av dei vedtekne planane for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at rulleringa, inkludert forslag til oppdatert plan for forvaltningsrevisjon, er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018.
4. Deloitte skal halde prosessmøte med kontrollutvalet i Sogn og fjordane fylkeskommune i møte 22.05.2018.
5. Utvalet ønskjer også å få til eit felles prosessmøte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 04.06.2018. Dette møtet kan også nyttast til å diskutere andre saker i høve samanslåinga av dei to fylkeskommunane.

SAK 5/18 Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2017 - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala i 2017, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 14.03.2018.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Sogn og Fjordane

fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.

5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Handsaming i møtet:

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte forslag til prosjektplan for desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala i 2017 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Endringsframlegg:

Det kom ikkje fram forslag til endringar i prosjektplanen. Det betyr at siste del av punkt 1 og heile punkt 2 går ut. Punkt 3 – 5 vert endra til 2 – 4.

Avrøysting:

Med desse endringane vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet bestiller desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala i 2017, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Sogn og Fjordane fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

SAK 6/18 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon kulturminneforvaltning

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at mykje av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen vurdere om det er tilfredsstillande, og i tråd med intensjonen i vedtaket til fylkesutvalet, at det skal ta så lang tid å få gjennomført kartlegginga av kulturminne av regional verdi.
3. Utvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 13.05.2018, vedlagt dei omtalte malane i punkt 2c-d.

Avrøysting:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at mykje av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen vurdere om det er tilfredsstillande, og i tråd med intensjonen i vedtaket til fylkesutvalet, at det skal ta så lang tid å få gjennomført kartlegginga av kulturminne av regional verdi.

3. Utvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 13.05.2018, vedlagt dei omtalte malane i punkt 2c-d.

SAK 7/18 Årsplan kontrollutvalet 2018

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek framlagd årsplan til etterretning.

Endringsframlegg:

Kontrollutvalet ønskjer å bestille ny forvaltningsrevisjon i dette møtet. Etter felles diskusjon vart utvalet samde om å gjennomføre forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv.

Det vart semje om at ein slik forvaltningsrevisjon m.a. kan innehalde slike problemstillingar:

Har fylkeskommunen system og rutinar som sikrar etterleving av sentrale krav i regelverket når det gjeld arbeid med helse, miljø og tryggleik (HMT) og inkluderande arbeidsliv? Under dette:

- a) Har fylkeskommunen sentrale system, rutinar eller retningslinjer for korleis HMT arbeidet skal ivaretakast av einingane i fylkeskommunen?
- b) Er det fastsett mål for helse, miljø og tryggleik i fylkeskommunen og i dei einkilde einingane?
- c) Har fylkeskommunen oversikt over korleis ansvar, oppgåver og mynde for arbeidet med helse, miljø og tryggleik er organisert?
- d) Er det etablert eit felles system for kartlegging av farar og problem og vurdering av risikotilhøva i einingane i fylkeskommunen?
- e) Er det etablert rutinar for å utarbeide planar og for å sette i verk tiltak for å redusere identifiserte risikoar?
- f) Har fylkeskommunen rutinar som sikrar at verksemdene under planlegging og gjennomføring av endringar, vurderer om arbeidsmiljøet vil vere i samsvar med lovkrav, og blir det sett i verk naudsynte tiltak?
- g) Har fylkeskommunen etablert rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på HMT regelverket?
- h) Gjennomfører fylkeskommunen ei systematisk overvaking og ein gjennomgang av det systematiske HMT arbeidet for å sikre at det fungerer som føresett?
- i) I kva grad er det etablert ei verneteneste i samsvar med sentrale krav i regelverket?
- j) I kva grad er det etablert eit arbeidsmiljøutval som fungerer i samsvar med sentrale krav i regelverket?
- k) I kva grad vert inkluderande arbeidsliv ivareteke?

Leiar i kontrollutvalet får fullmakt til å sende bestilling til Deloitte som skal leggja fram forslag til prosjektplan i neste møte.

Avrøysting:

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv.

2. Leiar i kontrollutvalet får fullmakt til å sende bestilling til Deloitte med levering av forslag til prosjektplan til neste møte. Frist for levering til sekretariatet er 14.03.18.
3. Møte i kontrollutvalet 3.4.18 startar kl. 12.00.
4. Kontrollutvalet tek elles framlagd årsplan til etterretning.

SAK 8/18 Kontrollutvalet - Budsjett 2018 - Disponering av vedteken budsjettramme

Frå kontrollsjefen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Kontrollutvalet tek disponering av budsjettramma 2018 til vitande.

Avrøysting:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tek disponering av budsjettramma 2018 til vitande.
-

SAK 9/18 Ny personvernlov frå 2018 - Status for tilpassing i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen til neste møte svare skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram under punktet om vurderingar og konsekvensar når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret bes levert sekretariatet innan 14.03.2018.
2. I tillegg ber kontrollutvalet fylkesrådmannen om å komme i møte 03.04.2018 for å orientere munnleg om saka.

Avrøysting:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen til neste møte svare skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram under punktet om vurderingar og konsekvensar når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret bes levert sekretariatet innan 14.03.2018.
 2. I tillegg ber kontrollutvalet fylkesrådmannen om å komme i møte 03.04.2018 for å orientere munnleg om saka.
-

SAK 10/18 Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2018 - bestilling

Frå kontrollsjefen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Bestillingsdokument for finansiell revisjon og selskapskontroll 2018 for Sogn og Fjordane fylkeskommune, totalt kr. 1 678 319 vert godkjent og sendt SF revisjon IKS

Avrøysting:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Bestillingsdokument for finansiell revisjon og selskapskontroll 2018 for Sogn og Fjordane fylkeskommune, totalt kr. 1 678 319 vert godkjent og sendt SF revisjon IKS

SAK 11/18 Oppfølgingsliste 1 - 2018

Frå kontrollsjefen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Oppfølgingsliste 1 - 2018 vert teken til vitande.

Avrøysting:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Oppfølgingsliste 1 - 2018 vert teken til vitande.
